

# KONTSTRIKKING



I kontstriking strikkar ein rute for rute omgangen rundt – frå kant til kant i plagget – ruterekkje for ruterekkje. Maskane på ei strikka rute blir verande på siste pinne og ein går rett over på neste rute. Det er ikkje naudsynt med meir enn ein rundpinne, eller strømpepinnar om arbeidet ikkje går inn på rundpinne.

Det er inga grenser for kva for teknikk ein kan bruke i rutene – glattstrikk, maskestrikk eller vrangmønster.

## KORLEIS KOMME I GANG:

Dersom det skal vere lue, genser, jakke eller skjørt, kan det vere naturleg å starte med ein høveleg kant og halve ruter.

Kanten må ha masketal som alle rutene til saman skal ha. Masketalet i ruta må vere om lag  $\frac{1}{3}$  mindre enn diagonalen i ruta, fordi rutene står med spissen ned.

Ta alltid av første maske, slik at det blir kjedemskar i kanten. Høgda på ruta skal ha like mange kjedemaskar som det er maskar i ruta. Har ruta 7 maskar skal det strikkast 15 pinnar.

Skal ein ha taggar eller strikke til dømes pute startar ein med ei rekkje heile ruter og strikker rute for rute. Når ei rute er ferdig strikka, masker ein ikkje av, men held fram med same tråden og strikkar opp masker til ei ny rute og strikkar den.

Maskane til ei ferdigstrikka rute blir alltid verande på pinnen. Bare når arbeidet er så lite, at det må nyttast strømpepinnar, må rutene fordelast på fleire pinnar.




## Rasjonell strikkemåte for kontstrikking

Ved å strikke på vanleg måte, ved å snu arbeidet for kvar pinne, går kontstrikking ganske seint. Strikkar du ei jakke og har ruter med 10 masker i kvar, må du snu arbeidet ofte. Det blir tidkrevjande og tungt med all løftinga og sninga. Det absolutt å tilrå at ein lærer seg å strikke fram og tilbake utan å snu arbeidet – slik som strikkemaskinen gjer. Dette kan gjerast på fleire måtar.

Ein måte er å flytte tråden frå venstre peikefinger til høgre peikefinger – og strikke med venstre hand – spegelvendt:

- Tvinnen på tråden gjer også at resultatet varierar korleis ein stikk pinnen rundt tråden på peikefingeren.
  - Til vanleg plukkar ein tråden som skal bli ny maske ved å ta pinne over og rundt tråden.
  - Med venstre hand stikk ein pinnen under og rundt tråden.



Vrange maskar med venstrehand:



Ein må ikkje flytte tråden over på høgre peikefing. For rette maskar blir framgangmåten då:



Vrange maskar:





## Strikkemåte for dei forskjellige rutene:

Håve ruter:

- Håve ruter - første ruterunde eller ruterekkje, når det er strikka ein kant :



- Strikk 1 m rett, fram og tilbake.
  - Strikk vidare og auk, eller plukk opp ei maske frå maskene i kanten, på slutten av pinnen (annankvar pinne).
  - Strikk vidare fram og tilbake, ved å auke ei maske på annankvar pinne ved å strikke med 1 maske frå kanten, til det er rett masketal i ruta.
  - Strikk fram og tilbak ein gong utan å auke masketalet i ruta.



- Første håve rute er ferdig.
  - Strikk rute for rute på same måten, omgangen rundt.
- **Håve ruter - første ruterunde, eller ruterekkje, utan kant:**
    - Legg opp 1maske
      - Strikk maska ein gong.
      - Auk 1 til 2 maskar
      - Strikk tilbake dei 2 maskane.
      - Auk 1 maske og strikk dei 2 andre
      - Strikk tilbake dei 3 maskane.
      - Hald fram på denne måten til det er nok masker i ruta.
      - Strikk ein gong fram og tilbake utan å auke.

- Heil rute:



- Plukk opp maskar i kjedemaskerekkje, alltid i bakre ledd, i ei rute frå førre omgang – det skal plukkast opp same masketal som det var på førre rute.
- *Når ein strikkar kont må ein, for at ruta skal bli høg nok, strikke ein gong fram og tilbake før samanstrikinga tek til, eller etter.*
  - Strikk mot høgre – sett frå framsida.
  - Siste maske blir strikka saman med den næraste maska i ruta frå førre omgang – pass på at masken frå den ruta du strikkar blir liggjande øvst.
  - Strikk tilbake mot venstre.
  - Strikk slik fram og tilbake til alle maskane frå ruta i førre ruterekkje er strikka inn
  - Om det ikkje vart strikke fram og tilbake før samanstrikinga tok til, må det gjerast før det blir plukka opp maskar til neste rute.
- Plukk opp maskar frå kjedemaskerekkje i neste rute frå førre omgang og strikk på same måten.
- Strikk rutene slik, rute for rute, omgangen rundt, eller heile ruterekkje.



- Dei andre ruterekkjeene blir strikka på same måten. Plukk masker til ny rute frå kjedemaskerekkje i førre ruteomgang.
- Maskene blir strikka inn i høgre eller venstre kant annakvar ruterekkje.

Tekstilen ein skal strikke kan gjere det naudsynt å nytte halve ruter i kant og avslutning. Kvarte ruter i høgre og venstre side, i første og siste ruterunde, eller der fasongen på tekstilen krev det, kan ein også ha bruk for.

- Halv siderute i starten av ei ruterekkje:

Alternativ 1:



- Legg opp masketalet til ruta med strikkesråden.
- Strikk maskane tilbake, den siste skal strikkast saman med 1 maske frå sist strikka rute.
- Strikk 2 tilbake (inkludert første maske som blir teken laust av)
- Strikk 1 maske og strikk den andre saman med neste maske får sist strikka rute.
- Strikk 3m tilbake.
- Strikk 2 maskar og strikk den siste masken saman med neste maske frå sist strikka rute.
- Hald fram slik med å strikke ei maske meir frå maskane som vart lagt opp, for kvar gong.
- Ruta er ferdig strikka når siste maske i ruta frå førre ruterekkje er felt.



Alternativ 2:

- Legg opp 1maske og strikk maska ein gong.
- Auk 1 maske og strikk den andre saman med maske frå ruta i førre ruterekkjer.
- Strikk tilbake dei 2 maskane.
- Ta av 1 maske, auk 1 og strikk siste maske saman med neste maske frå førre rute.
- Strikk tilbake dei 3 maskane.
- Ta av 1 maske, auk 1 og strikk siste maske saman med neste maske frå førre rute.
- Strikk tilbake dei 4 maskane.
- Hald fram på denne måten til alle maskene i førre rute er strikka inn og masketalet er nådd.
- Avslutt med ein pinne fram og tilbak etter siste maske er strikka inn.

Plukk opp maskar i kjedemaskerekkja i ruta frå førre omgang og strikk vidare heile ruter etter mønsteret.

## Halv rute i slutten av ei ruterekkje:

Alternativ 1:

- Plukk og strikk maskar i kjedemaskerekkja i ruta i førre rekkje.
- Strikk tilbake.
- Strikk maskane i neste pinne, ta siste maske laust av.
- Strikk dei 2 første maskane saman. Strikk resten av maskane.
- Gjenta 3. og 4. pinne til det er att 1 maske. Den maska blir ein av maskane i første rute i neste ruterekkje.





### Alternativ 2:

- Plukk opp kjedemaskane i den siste ruta i førre ruterekkje.
- Strikk fram og tilbake ein gong.
- På 3. pinne skal ein felle ei maske på slutten av pinnen.
- Hald fram med å felle ei maske på slutten av alle oddetalspinnar til det er 1 maske att.
- Siste maske fungerer som første maske til ny rute i ny ruterekkje.

### Hålve ruter i siste ruterekkje:

- Plukk opp kjedemaskane i den siste ruta i førre ruterekkje.
- Strikk fram og tilbake ein gong.
- Strikk masketalet i ruta,
- Strikk tilbake og strikk siste maske samane med ei maske frå ruta i førre ruterekkje.
- Strikk til det står att 1 maske,
- strikk tilbake og strikk inn 1 maske frå ruta i førre ruterekkje.
- Strikk fram til det står att 2 maskar
- Hald fram med å strikke 1 maske mindre tilbake til alle masker er strikka inn.



### Kvart rute i hjørnet på arbeidet:

#### Kvart rute som første rute i starttrekkjea – i strikka kant:

- Plukk opp første maske i kanten og strikk den ein gong.
- Ta opp maske 2 i kanten.
- Strikk til ytterkanten og auk 1 maske.
- Strikk tilbake og auk masketalet med 1 maske frå kanten.
- Strikk mot ytterkanten og auk 1 maske
- Hald fram med å auke masketalet slik, i begge sider, til masketalet på ruta er nådd.
- Strikk 1 pinne utan auking
- Hald fram med ruter slik mønsteret syner.

#### Kvart rute som siste ruta i startrekkja:

- Ta opp ei maske frå kanten og strikk den.
- Ta opp maske to frå kanten.
- Auk slik, med ei maske frå kanten, på slutten av pinnen, til halve masketalet i ruta er nådd.
- Strikk desse maskane fram og tilbake 1 gong.
- Strikk saman, fell, dei 2 siste maskane i same kanten som ein auka, på slutten av pinnen.
- Strikk tilbake.
- Hald fram med å felle 1 maske i ytterkanten til det er 1 maske att.
- Siste maske fungerer som 1. maske når det blir plukka masker til første rute i neste ruterekkje.

#### Kvart rute som første rute i sluttrekkja:

- Legg opp 1 maske
- Strikk masken ein gong.
- Auk 1 maske og strikk den andre saman med første maske frå ruta i førre ruterekkjer.
- Strikk tilbake dei 2 maskane.
- Ta av 1 maske, auk 1 og strikk siste maske saman med neste maske frå førre rute.
- Strikk tilbake dei 3 maskane.
- Auk slik på annakvar pinne til det er halvt masketal til ruta på pinnen.
- Strikk fram og tilbake ein gong, utan å auke, men strikk inn ei maske frå ruta i førre omgang på vanleg måte.
- Strikk til neste siste maske i ytterkanten.
- Strikk tilbake og strikk inn maske på vanleg måte.
- Hald fram med å strikke ei maske mindre kvar gong til det er att ei maske, og ingen fleire som skal strikkast inn frå ruta i førre ruterekkje.
- Då skal det vere att halve masketalet til ruta.
- Dersom ein ikkje treng desse maskane, kan ein felle, maske av ei maske for kvar gong ein er ved overkanten.

#### Kvart rute som siste rute i sluttrekkja:

- Plukk opp masketalet i kjedemaskane ruta frå førre omgang.
- Strikk fram og tilbake ein gong
- Strikk saman dei 2 siste maskane i ytterkanten.
- Strikk tilbake, til siste maske.
- Hald fram med å strikke saman dei 2 siste maskane i sidekanten.
- Strikk tilbake, men la vere å strikke dei 2 siste maskane.
- Gjenta dei 2 siste pinnane med å strikke saman 2 masker i ytterkanten og strikke ei maske mindre for kvar gong i overkanten, til det er halvt rutemasketal att på pinnen, og ikkje fleire masker å strikke.




kontstrikking med heile, halve og kvart ruter



heile og kvart ruter

Maskene i øvre kant kan maskast av, eller brukast til å lage ein kant.



Dersom nedre kanten ikkje skal vere som ei stram vrangbord,

- må masketalet aukast med  $\frac{1}{3}$ , eller fordoblast (skuldast diagonalen i breidda),
- kor mykje ein aukar avheng av behovet.

Det kan vere lurt å variere måten å starte arbeidet, alt etter kva for tekstil det skal vere. Sjø på ymse måtar å leggje opp maskar på.

Elles vil det gå fram i mine oppskrifter kva for oppleggsmåte som er brukt.

